

Utleigekontrakt

Holmedal bygdehus

Leigetakar: _____

Adresse: _____

E-post: _____ **Mobil:** _____

Tidspunkt for leige, dato: _____ **Frå kl.** _____ **Til kl.** _____

Type hending: _____

Lukka arrangement Ope arrangement

Døgnprisar utan vask:

1 etg:	750,-
2. etg	1250,-
Heile huset	2000,-
Helgepris (fre-søn)	3000,-

Døgnprisar med vask:

1 etg:	1750,-
2. etg	2250,-
Heile huset	3000,-
Helgepris	4000,-

Leiger ein heile huset er det tilgjengeleg for leigetakar fram til 12.00 påfølgjande dag. Dersom leigetakar ynskjer å leige huset ei ekstra tid for opprydding/vask kan ein leige fram til 16.00 for 500,- ekstra.

Vask kr 1000,- * *Sjå reglement*

Vaske sjølv ***Sjå reglement*

Etter avtale disponerast:

1.etg.	<input type="checkbox"/>
2.etg.	<input type="checkbox"/>
Heile huset	<input type="checkbox"/>

Leigesum: kr: _____

Dato: _____

For Holmedal bygdehus

Leigetakar

Mobilnr.

Mobilnr.

Utleigereglement

1. Leigetakar er ansvarleg for huset i leigeperioden.
2. Huset skal leverast tilbake i same stand som då leigetakar overtok det.
3. Eventuell skade må meldast til leiar i husstyret, Bjørn Klausen snarast råd, og erstattast av leigetakar.
4. Prisen for utleige er fastsett av styret. Betalast etter avtale eller ved utstedt giro.
5. Leigetakar er ansvarleg for å rydde rundt huset ute etter arrangementet.
6. Avfall skal fjernast frå lokalet etter arrangement på følgjande måte: tømme i bossdunkar så lenge det er plass. Elles er leigetakar ansvarleg for sjølv å levere avfall.
7. Dersom leigetakar er under 18 år, skal ein av dei føresette skriva under avtalen og stå ansvarleg for bruk av huset.
8. Holmedal bygdehus krev namngjevne vakter/kontaktperson over 25 år ved utleige til ungdomsarrangement/fest.
9. Ved ope arrangement skal politiet vere varsla i god tid på førehand. Leigetakar må stilla med minst 3 namngjevne vakter over 25 år.
10. Den som leiger lokalet er ansvarleg for at brann- og tryggingsvern av personar og bygning blir haldne. Alle dei ansvarlege skal gjerast kjent med og følgje oppslag om brann- og rømningsvegar som er slått opp ved inngangen til storsalen. Sjå kart m/ rømningsvegar og plassering av pulverapparat.
11. Avbestilling må skje seinast 7 dagar i førevegen, eller etter nærmare avtale.
12. Ved retur av nøkkel, har leigetakar og utleigar ein gjennomgang av huset.
13. Vask:

*Vask kr 1000 føreset:

- det er rydda og avfall fjerna.
- bord og stolar er vaska og rydda på plass
- golvet er kosta

'Bruksreglement for Holmedal bygdehus' med utfyllande retningslinjer på leigetakar sitt ansvar vert følgt ved rydding/vask etter leige.

**Vaske sjølv:

- skal leigetakar vaske sjølv skal 'Bruksreglement for Holmedal bygdehus' følgjast (neste side).

Ved tilbakelevering av lokalet vert det ved gjennomgang sjekka at vask tilfredsstillar krava.

Leigetakar: dato/namn

Bruksreglement for Holmedal bygdehus

Kjøkken:

- Eventuell oppvask er alltid leigetakar sitt ansvar. Alt som er brukt skal vaskast og setjast tilbake på plass. Hugs å tømme og skylje kaffikanner/tekanner.
- Bruksrettleiing for oppvaskmaskin står oppslått på kjøkkenet. Etter bruk må ein hugse å tømme ut vatnet og vaske maskina innvendig.
- Reine kjøkkenhandkle og oppvasklutar finst i kjøkkenskuffe. Etter bruk leggjast desse på bøttekott i merka korg.
- Ved bruk av kjøleskap, komfyr og mikrobølgeovn skal desse vaskast, både innvendig og utvendig. Vask/tørk av kaffitraktar og vaffeljern.
- Vask over kjøkkenfrontar og kjøkkenbenk.
- Leigetakar kostar golv og fjernar avfall.
- Skal leigetakar vaske sjølv må kjøkkengolv vaskast. Moppeutstyr og bøtter finn ein på bøttekott på dametoalett.
- **Sjå også etter at komfyr, kaffitraktar og anna kjøkkenutstyr er avslått!**

Matsal/storsal

- Bord og stolar som har vore i bruk skal vaskast/tørkast av. Stolane stablast og borda samlast.
- Leigetakar kostar golv og fjernar avfall.
- Skal leigetakar vaske sjølv må golvet vaskast. Moppeutstyr og bøtter finn ein på bøttekott på dametoalett. Vask golvet i storsalen minst 2 gonger, vent til det er tørka opp, og sjekk etter siste vask at golvet er reint.
- Levande lys skal ikkje brukast på scena. Bruk av levande lys på borda må arrangerast på ein 100% brannsikker måte.

Toalett/gang/trapp:

- Leigetakar er ansvarleg for reinhald på toalett. Dvs. at alt avfall skal vere fjerna, og eventuell anna tilgrising skal vere vaska opp.
- Ved sjølvvask av toalett føl ein følgjande oppsett:
 - Vask av handtak, dører og servant (blå/kvite klutar)
 - Vask av toalett (rosa klutar)
 - Vask til slutt golv (mopp)
 - Brukte vaskefiller leggjast i merka korg på bøttekott. Moppar i vaskemaskin.
 - Sjekk og eventuell fyll på med toalettpapir, tørkepapir og såpe.
- Leigetakar kostar golv og fjernar avfall i gang og trapp. Skal leigetakar vaske sjølv vaskast trapp og gang grundig.

Generelt:

- Vaskemaskin er kun til vask av moppar.
- Vaskemiddel/utstyr og toalettpapir/tørkepapir står på bøttekott på dametoalett i første etasje.
- Som fastsett i røykelova er det ikkje tillate å røykje innandørs.
- Sjekk at alle nødutgangar og brannslukkingsutstyr er lett tilgjengelig under tilstellingar og at det ikkje er plassert bord og anna utstyr til hindring for tilkomst.
- Sjå oppslag om brann og rømingvegar ved inngang til kafelokale og storsal.
- Avfall skal i bossdunkar så fram det er plass, elles er leigetakar sjølv ansvarleg for handtering av avfall.
- Leigetakar kostar/støvsugar golva, og forlèt lokalet rydda og utlufta. Sjekk at vindauga er lukka, lyset sløkt og dørene låste.